

**Fram daa, ungdom!** ( *Barnebladet Magne 24.mars 1918* )

Fram daa ungdom, fram til arbeid!  
livet kalar kvar ein dag;  
Fram daa ungdom, fram i striden,  
gjer din skylnad i vaart lag.  
No vi strida skal og vinna  
framtidshimmen, ljøs og lett,  
no vi strida skal, og finna  
fram til sanning og til rett.

Fram i striden, gut og jenta,  
landet vaart lyt ædrugt bli  
Styrke vi i samhold henta,  
og vi held nok samen vi  
Vi hev mot, og vi hev vilje  
til eit arbeid for alt godt;  
og i grus vi ned skal bryte  
alt som daarar og er smått

For alt godt paa jord vi strider  
for ein ungdom som er sann,  
for dei mange vrak som lider -  
gløymde reint a vera mann  
Fram daa ungdom under merket,  
for den sak vi gav vaar tru;  
upp daa ungdom. upp til arbeid  
vi skal sigra, eg og du.